

**Kvam herad**  
**KVAM FORMANNSKAP**

**Tilleggsinnkalling**

**Møtedato:** 24.11.2021

**Møtestad:**

**Møtetid:** Kl 09:00

**Open time:**

Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

Forfall skal meldast til fellessekretariatet, tlf. 56 55 30 00 eller per e-post til [politisk.sekr@kvam.kommune.no](mailto:politisk.sekr@kvam.kommune.no)

## **Sakliste**

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>
119/21	21/13108	Eigarstrategiar 2022
120/21	21/11285	Endeleg vedtak planprogram oppveksplan 2023-2033

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	24.11.2021	119/21
Kvam heradsstyre	09.12.2021	139/21

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b>	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksh.:</b> Johnstad, Ragnar	<b>Objekt:</b>	21/13108 - 1

### Eigarstrategiar 2022

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek eigarstrategiar for 2022

#### Samandrag:

Eigarstrategiane til Kvam herad skal danna plattform for ein god styringsdialog og fastsetja mål og ein klar retning på kva eigarane vil med selskapet. Eigarstrategien kan regulera forhold som kommunikasjon med selskapet, informasjonsbehov, forventa avkastning, utbytteforventningar, strategisk retning og kjerneverksemd, mål, tvisteløysningar mellom eigarane m.m. Eigarstrategiane er individuelle og vert tilpassa kvart einskild selskap. Alle eigarstrategiar skal vera forankra i heradsstyret. Eigarstrategien til det enkelte selskap, skal deretter oversendast til organisasjonen for å:

- Gjera kjent forventningane Kvam herad har til selskapet
- Få tilbakemelding på dei forventningane som er formidla
- Få korrigert evt. feil i nøkkelopplysningar, eigarforhold eller vedtekter

For kvart av selskapa er følgjande opplysningar med:

1. Nøkkelopplysningar frå einingsregisteret
2. Eigarforhold
3. Nøkkeltal
4. Eigarstrategi
5. Eigarforvaltning

## 6. Vedtekter

Punkt 1 til 5 er samla i dokumentet «Eigarstrategiar 2022».

Punkt 6 Vedtekter er omfattande og lagt i eige vedlegg.

Det er svært mange opplysningar å henta inn, og ajourhalda. Enkelte deler, særleg innan eigarforvaltning, er ikkje oppdatert for dei siste vala. Det gjeld òg vedlagte vedtekter.

Rådmannen legg likevel strategiane fram til sakshandsaming, då det er punkt 4, eigarstrategiar som er vesentleg, og dei andre punkta er til informasjon. Rådmannen vil arbeida vidare med å innhenta og oppdatera opplysningar til seinare saker.

Det meste av eigarstrategien er verdiar som er fastsett på bakgrunn av eigarmeldinga, og likt for alle føretak Kvam herad har eigarinteresser i. Det som varierer mellom dei ulike føretaka, er grunngeving for eigarskap, utbytte og andre resultatmål.

Eigarmelding 2020-2023 vart vedteke i heradsstyret 16.06.2020 (sak 072/20). Denne skal ikkje opp til årleg vedtak.

Driftsassistanse i Hordaland IKS er erstatta med Vann vest AS og er difor teke ut av eigarstrategien.

### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
18366	Eigarstrategi 2022
18367	Vedtekter - vedlegg eigarstrategi 2022
18368	Vedtekter Kvam Energi AS

### **Saksopplysningar:**

x

### **Vurdering:**

x

# Kvam herad

## Sakspapir

### SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	24.11.2021	120/21
Kvam heradsstyre	09.12.2021	140/21

<b>Avgjerd av:</b>	<b>Arkiv:</b> N-210	<b>Arkivsaknr</b>
<b>Saksh.:</b> Teigland, Ingunn Hildonen	<b>Objekt:</b>	21/11285 - 6

### Endeleg vedtak planprogram oppveksplan 2023-2033

---

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek revidert planprogram for oppvekstplan 2023-2033, i samsvar med med plan- og bygningslova § 4.1 og § 11.

#### Samandrag:

Planprogrammet for oppvekstplan 2023-2033 har vore ute til offentleg ettersyn i seks veker fram til og med 19. november 2021. Oppstart av planarbeidet har vore kunngjort på heradet si heimeside. I tillegg har informasjon om offentleg ettersyn vorte sendt ut til ei rekkje kommunale tenester og einingar, vidaregåande skular, politiet, BUP Voss, frivillige lag og foreiningar, nabokommunar, grendautval og fleire.

Planprogrammet tek føre seg føremålet med planarbeidet, bakgrunn for arbeidet, overordna føringar, tema og innsatsområde i planen, trong for utgreiingar og planprosessen med framdriftsplan, organisering og medverknad.

Det er kome inn to uttalar til planprogrammet, frå Kvam kulturskule og Statsforvaltaren i Vestland. Kvam kulturskule foreslår at dei vert representerte i fleire av ressursgruppene, noko som er teke høgd for i revidert versjon. Høyringsuttalen frå Statsforvaltaren i Vestland understrekar kor viktig det er å involvera barn og unge i planprosessar. Dette er omtala i planprogrammet.

I det opphavlege utkastet til planprogram var det ein formell feil. Prosjektgruppa for oppvekstplanen var tenkt å vera den same som prosjektgruppa for Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Kvam (BTI). I prosjektgruppa for BTI sit det ein representant for Kvam ungdomsråd. Dette er ein politisk valt representant, som ikkje kan sitja i administrativ prosjektgruppa for eit planarbeid. Denne endringa er teken inn i det reviderte planprogrammet.

Revidert planprogram har i tillegg desse endringane, etter interne drøftingar:

- Kvam kulturskule deltek i desse ressursgruppene, i tillegg til i ressursgruppa for «Å kjenna tilhøyrse til lokalsamfunnet»:
  - Trygge vaksne
  - Aktiv fritid
  - Å vera del av sosialt fellesskap
  - Mangfald vert sett på som ein ressurs
- Trygge vaksne
- Aktiv fritid
- Å vera del av sosialt fellesskap
- Mangfald vert sett på som ein ressurs

Planprogrammet seier at me treng meir kunnskapsgrunnlag og utgreiingar om følgande to tema:

- Samanhengar mellom levekårsfaktorar og utanforskap vist gjennom Ungdata-materialet.
- Kva som kan liggja til grunn for auken i talet unge uføre menn i Kvam.

Vestland fylkeskommune og Korus Vest vil bidra med samanhengsanalysar for Ungdata-materialet frå Kvam, som vert ein del av kunnskapsgrunnlaget for planen. NAV og prosjektleiinga for oppvekstplanen vil samarbeida om ein rapport om utviklinga innan unge uføre, som vert eit vedlegg til den endelege planen.

#### **Vedlegg i saka:**

<b>Dok.id</b>	<b>Tittel</b>
18404	Revidert planprogram for oppvekstplan

#### **Saksopplysningar:**

Kommunedelplan for oppvekst skal gje retning for tema i kommuneplanen sin samfunnsdel, og skal samla den tverrfaglege satsinga Kvam allereie har gjort innan oppvekst.

Planarbeidet skal skje etter plan- og bygningslova og ordinær prosess for kommunedelplanar. Arbeidet med sjølve planen tek til etter at planprogrammet er endeleg vedteke av heradsstyret. I følge framdriftsplanen skal oppvekstplanen vera ferdig i desember 2022.

Tilstrekkeleg og brei medverknad er nødvendig for å sikra kvaliteten i planarbeidet. Dialog med og innspel frå grupper som representerer barn og unge er heilt sentralt i planarbeidet. Ulike stemmer vert representerte gjennom ressursgruppene. Utover dette vert det lagt opp

til møteplassar med ulike interessegrupper undervegs i planprosessen. Det vert særleg viktig å skapa møteplassar og samtaleformer som treff breitt blant barn og unge i Kvam.

Innsatsområda i planen vert definerte som beskyttande faktorar på samfunnsnivå. Planen legg til grunn ei forståing av at samfunnet skapar ein god og trygg oppvekst for barn og unge gjennom å styrka beskyttande faktorar og redusera risikofaktorar, både på individnivå og samfunnsnivå.

Oppvekstplanen skal ha ei form og eit språk som gjera at han er lett å lesa og forstå for alle. Han skal skrivast og publiserast i Framsikt.

**Vurdering:**

Rådmannen si vurdering er at ein oppvekstplan både vil samla den satsinga som Kvam herad allereie har gjort innan oppvekst, og gje retning for vidare satsing og tiltak dei neste ti åra.